

Hopland grendalag
v/styret

Austrheim kommune
v/ vegansvarleg

Hopland 08.06.2023

Gjeld søknad om enkelt busstopp på «Skaret», på øvre Hopland.

Årsmøtet i grendalaget fekk spørsmål frå eit medlem og mor til skuleborn, om vi kunne senda ein søknad til kommunen om å få eit enkelt busstopp på Skaret på øvre Hopland. Ho har også vore i direkte kontakt med kommunen vedr. same sak. Dette støtta årsmøtet.

Til Hoplandssjøen er det svært smal kommunal veg, utan fortau. Det er pr no skulebussen som køyrer rute her, og 6.30 bussen om morgonen. Dei skuleborna som bur på øvre Hopland, må gå eit heilt stykke langs den smale vegen, både til og frå bussen. Når bussen kjem ned til Hopland for å snu på Hoplandskaien, er borna på veg til busstoppet på «Brunæ», og omvendt når dei kjem heim og vert sleppte av på «Brunæ». I begge tilfelle kjem bussen på dei bakfrå, og det er ikkje plass til både born og buss. Om vinteren er det gjerne brøytekantar i tillegg. Det er også ein god del vanleg trafikk av folk som køyrer til jobb nett i den tida, og det er ein god del landbrukstrafikk. Omsøkt busstopp ligg på toppen av ein bakke, og bussjåføren har god oversikt over vegen. Ev. forbikøyringar er umulige pga vegbreidda. Trafikktryggleiken til skuleborna er viktig å ivareta, og dei kjenner seg ikkje trygge når dei går til og frå busstoppet som dei må bruke no.

Vi kan gjerne vera med på synfaring.

Med helsing
Styret i Hopland grendalag
v/ Linda Syslak
leiar

